



Lindås Tomteselskap AS  
Hagellia 4  
5914 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/3800 - 15/34738

Saksbehandlar:  
Eli Bjørklid  
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:  
11.11.2015

## Gbfnr108/1/50 Lindås senter, løyve til deling av grunneigedom.

Eigedom: Gnr.108 bnr.1 fnr.50 Lindås senter  
Adresse for eiged.: 5955 Lindås  
Type tiltak: Deling av grunneigedom, omgjøring av festegrunn til matrikkeleining.  
Heimelshavar: Opplysningsvesenet fond  
Søker: Lindås Tomteselskap

### Saka gjeld:

Lindås Tomteselskap leiger fnr.50 av gnr.108 bnr.1, som er Lindås prestegard. For dette festenummeret gjeld reguleringsplan (Kolås III) som viser at arealet skal kunne nyttast til bustadføremaal, næringsføremaal og offentlig føremål. Arealet grenser til det som i dag er Lindås senter, men er enno ikkje bygd ut. Heile arealet er i følgje gardskartet for eigedommen på 75400m<sup>2</sup>, og er for det meste skog og myr. Det er Opplysningsvesenets fond som eig arealet.

Frå dette arealet ville Lindås Tomteselskap kjøpe ein parsell på om lag 3da som er sett av til bustadføremaal. Denne delingssaka er handsama før (15/1617) ), og løyve til deling er gjeve. Det syner seg at frådeling av ein mindre parsell ikkje let seg gjere frå eit festeareal som er større. På tidspunktet for løyvet til deling var det hevda at dette ville komme til å gå an frå og med hausten 2015. Det vert no søkt om å få dele frå heile fnr.50, slik at Tomteselskapet vert eigar av heile 108/1/50, og heile parsellen kan gjerast om til sjølvstendig matrikkeleining. Opplysningsvesenets fond eig arealet, og dei har ved avtale datert 8/4-2015, samtykket i å overdrage arealet til Lindås Tomteselskap AS.

### Plansituasjon/dispensasjonar:

Området som er søkt delt frå ligg i godkjend reguleringsplan for Lindås senter (plan id). Området er ikkje bygd ut. Føremålet med tiltaket er i samsvar med gjeldande plan, og det er ikkje naudsynt med dispensasjon.

### Tilkomst/vassforsyning/avløp:

Området som er søkt frådelt er regulert, og veg/vassforsyning og avløp er i samsvar med denne planen.



**VEDTAK:**

Med heimel i pbl §20.1 bokstav m) gjev Lindås kommune løyve til å dele frå festnr.50 av gnr.108 bnr.1 i Lindås kommune. Parsellen skal matrikulerast og overdragast til festaren som er Lindås Tomteselskap AS. Festnr.50 har eit areal på 75400m<sup>2</sup>. Arealet skal nyttast i samsvar med godkjend reguleringsplan.

Deling er i samsvar med etablert og godkjend bruk.

**Grunngjeving for vedtaket:**

Kommunen vurderer søknad om deling etter Pbl §20-1 og §26-1:

«Eigedom må ikkje delast på ein slik måte at det oppstår forhold som er i strid med lova, forskrift, vedtekt eller plan. Heller ikkje må eigedom delast slik at det vert skipa tomter som etter kommunen sitt skjøn er mindre vel skikka til bygging på grunn av storleik eller form.»

Det gjeld frådelling av ein parsell på om lag 75400m<sup>2</sup> som i reguleringsplan for Kolås III er sett av til bustadføremål.

Søknad om deling er vurdert og løyve gjeve etter offentlegrettslege føresegner gjeve i eller med heimel i plan- og bygningslova. Det kan hefte servituttar ved eigedommen som privatrettsleg kan vere til hinder for deling. Privatrettslege forhold vedkjem ikkje løyvet til deling av eigedommen gjeve av kommunen med heimel i plan- og bygningslova.

**Bortfall av løyve:**

Dersom deling ikkje er gjennomført med oppmålingsforretning innan tre år etter at løyve til deling er gjeve, fell løyvet bort, jf. pbl §21-9.

**Gebyr:**

Etter gebyrregulativet til kommunen vedteke 11.12.2014, gjeldande frå 01.01.2015, vert det sendt ut følgjande gebyr:

Deling i samsvar med grenser fastsett i godkjend reguleringsplan kr.3400,-

**Mynde:**

Saka er handsama og avgjort av Planavdelinga i høve til delegert mynde.

**Klage:**

Avgjerda kan klagast over til overordna mynde innan tre veker, jf. Forvaltningslova §§ 28 flg

Med helsing

Arnold Matre  
fagleiar

Eli Bjørklid  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*



**Mottakarar:**

Lindås Tomteselskap AS

Hagellia 4

5914

ISDALSTØ